

# RETNINGSLINER FOR GOL UNGDOMSKLUBB

## 1. MÅLSETJING.

- 1.a. Gol ungdomsklubb skal gje all ungdom (innan dei aldersbestemte grensene) som ynskjer det, eit variert og positivt fritidstilbod.

Klubben skal leggje særleg vekt på å nå barn/unge som av ulike grunnar ikkje nyttegjer seg eller tek del i det tradisjonelle kultur- og fritidstilbodet, og barn/unge som treng spesiell støtte i fritida.

- 1.b. Gol ungdomsklubb skal utfylle og skape breidde i dei tilbod som elles finst i lokalmiljøet, og bør i så stor grad som mogleg trekkje inn i si verksemd kulturarrangement, aktivitetar og organisasjonar utanfrå.

- 1.c. Gol ungdomsklubb si verksemd tek sikte på å gje medlemmane reell moglegheit til sjølve å delta aktivt i drifta av klubben ("deltakarstyring"), utforming av aktivitetar og program.  
Medlemmane skal gjennom allmøte og klubbstyre ha avgjerande myndigheit over klubbens drift og innhald.

## 2. STYRINGSFORM.

- 2.a. Gol ungdomsklubb skal ha eit hovudstyre med ansvar for klubben si totale verksemd og eit gruppestyre for juniorklubben.

### 2.b. Hovudstyret.

Gol ungdomsklubb skal ha eit hovudstyre på 8 medlemmer.

Styret blir valt for 2 år om gongen, på allmøtet i begynnelsen av klubbåret (august/september). 4 av styremedlemmene er på val om gongen.

Styret skal vere samansett av både organisert og uorganisert ungdom, og skal ha god aldersmessig spreing og mest mogleg likt antall jenter og gutar.

Styret vel leiar.

Leiaren har rett til å møte i gruppestyret for juniorklubben.

Hovudstyret har saman med klubleiar ansvaret for klubbens totale drift og skal planleggje og leie aktivitetar og program for ungdomsklubben.

Styret/allmøtet forvaltar dei pengane som kjem inn i form av medlemskap, billettinntekter, kiosksal o.s.b.

Klubben har eigen bankkonto og fører eige rekneskap.

Styret kan oppnemne ny styrerepresentant dersom ein medlem trekkjer seg frå styret.

Dei tilsette kan vere til stades på styremøta, men har ikkje stemmerett.

2.c. **Gruppestyret for juniorklubben.**

Det blir valt eit eige gruppestyre for juniorklubben på 4-6 medlemmer. Styret blir valt for eit halvt år om gongen på allmøtet i begynnelsen av klubbåret ( august/september).

Gruppestyret skal så langt råd er setjast saman etter dei same kriteriane som gjeld for hovudstyret.

Gruppestyret vel leiar.

Gruppestyret skal saman med klubbleiar planleggje og leie aktivitetar og program for juniorklubben.

Gruppestyret/allmøtet forvaltar saman med klubbleiar juniorklubben sin del av pengane som kjem inn i form av medlemskontingent, billettinntekter o.l. Klubbleiar skal elles fremje og sjå til at juniorklubben sine interesser blir ivarettatt av hovudstyret.

Gruppestyret kan oppnemne ny styremedlem dersom ein medlem trekkjer seg frå styret.

Dei tilsette kan vere til stades på gruppestyret sine møte, men har ikkje stemmerett.

2.d. **Allmøte.**

Den øvste myndigheit i klubben er allmøtet.

Det skal haldast allmøte i ungdomsklubben og juniorklubben minst ein gong i året, eller når to i styra eller meir enn 10 medlemmer krev det.

Dei respektive styra leiar allmøta.

Hovudstyret, gruppestyret og allmøta kan ikkje fatte vedtak som er i strid med norsk lov, kommunale budsjett og retningsliner.

**3. FOLKEVALT ORGAN OG ADMINISTRASJON/KLUBBLEIING.**

3.a. Gol ungdomsklubb høyrer inn under ansvarsområdet til Utval for kultur og levekår som ved einskildvedtak kan gje ytterlegare retningsliner for drifta av klubben.

3.b. Klubbleiar er fagleg ansvarleg for drifta og leiar klubben etter desse retningslinene, instruks for klubbleiar og andre vedtak fatta av Utval for kultur og levekår.

3.c. I tillegg kan det engasjerast deltidsmedarbeidarar på timebasis som arbeider i klubbmiljøet på kveldstid.

3.d. Det skal alltid vere vaksen leiar til stades på opne klubbkveldar.

#### **4. MEDLEMSKAP, ALDERSGRENSER OG KONTINGENT.**

- 4.a. Gol ungdomsklubb er basert på medlemskap, men også ikkjemedlemmer som er innanfor aldersgrensene kan ha adgang til klubben.
- 4.b. Gol ungdomsklubb er open for barn unge frå og med 5. klasse i grunnskulen til og med det året ein fyller 18 år.

Juniorklubben er open for barn/unge frå og med 5. klasse til og med 7. klasse i barneskulen.

Ungdomsklubben er open for ungdom frå og med 8. klasse i grunnskulen til og med det året ein fyller 18 år.

Medlemmer som fyller 18 år og som blir for gamle til å delta på klubben kan få fortsette som medlem under føresetnad av at vedkomande tek på seg oppgåver som hjelpeleiar e.l. Klubbleiar/styra for klubben kan elles dispensere frå aldersgrensene dersom spesielle forhold tilseier dette.

#### **4.c. Opningstider.**

Opningstider for klubben, med ramme for antall veker pr. år, antall opningsdagar pr. veke, turverksemd o.l. skal utarbeidast av klubbleiar i samarbeid med klubben sine styre etter at budsjettet for det aktuelle året er vedtatt.

#### **4.d. Medlemskontingent.**

Medlemskontingent og inngangspris blir fastsett av hovudstyret og styret for juniorklubben i samråd med klubbleiar.

#### **5. ANNA.**

##### **5.a. Rusmiddel.**

Det er ikkje tillatt å nyte rusmiddel i klubben sine lokale. Alle arrangement, turar o.l. i klubben sin regi skal vere rusfrie. Personar som har inntatt rusmiddel skal utvisast, men slik at dei kan delta seinare når dei ikkje er påvirka.

##### **5.b. Anna bruk av lokala.**

Gol ungdomsklubb sine lokale, kan i den grad klubben sjølv ikkje disponerar lokala, leigast ut til andre føremål (lag,organisasjonar o.l.). Ungdomsklubben utarbeider retningslinjer for utleige av lokala (med kontrakt) og forslag til leigesatsar som blir lagt fram for Utval for kultur og levkår til godkjenning.

##### **5.c. Ordensreglar.**

Gol ungdomsklubb utarbeider ordensreglar for klubben, basert på desse retningslinene, som blir lagt fram for allmøta til godkjenning.

*Vedtatt av Hovudutvalet for kultur 14.09.94, sak HUK 45/94. og justert i Utval for kultur og levkår 14.06.00, sak UKL 0039/00.*